



Notat

Vår referanse
21/191 25/4451

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Andreas Christian Nørve

Dato
26.05.2025

Til: Eli Nora Tefre Nordal, Elias Evald Hansen Botnen, Frode Vik, Karoline Lundås, Paul Sindre Vedeld, Ronny Lilleide Prozenko, Aasta Mathilde Hamre

Delegasjon av økonomi-, personal- og fagansvar - endringar frå 26. mai 2025

Kommunestyret har i [vedtak av 7. september 2020](#) delegert ansvar og mynde til kommunedirektøren på ulike fagområde – dette knytt til økonomistyring, personalansvar og fagansvar – og som ikkje er av prinsipiell tyding.

Kommunedirektøren kan vidaredelegere mynde, men ikkje ansvar. Kommunedirektøren vil med dette skriv endre på vidaredelegert mynde gitt av kommunedirektøren 3. februar 2025, og endringane i delegasjonsskrivet er i [hovudsak](#) knytt til:

- krav om månadleg rapportering på kontoar med ein differanse på meir enn kr 100.000 i høve periodisert budsjett

Vidaredelegasjonen frå kommunedirektøren er negativt avgrensa. Det vil seie at ein med delegert mynde, så er det gitt mynde til det som ikkje er særskilt unnateke – til dømes gjennom delegasjonsreglementet, delegasjonsskriv, presiseringar og eventuelt inndraging av fullmakter.

I. Økonomistyring – delegasjonar

Utgangspunktet er at det skal vere fullt samsvar mellom ansvarsområde og delegasjon. I tabellen under gjev kommunedirektøren tilvisingsrett på dei enkelte rammeområda slik:

Rammeområde – økonomi	Tilvisingsmynde
Sentraladministrasjonen (ansvar 1025 – 1099)	Eli Tefre Nordal, ass.k-direktør
Religiøse formål (ansvar 5070 – 5080)	Andreas Christian Nørve, k.direktør
Fellesformål finans (ansvar 6080 – 6099)	Andreas Christian Nørve, k.direktør
Kultur- og oppvekst (ansvar 2000 – 2099)	Frode Vik, k-sjef
Helse- og omsorg (ansvar 3000–3099)	Karoline Lundås, k-sjef
Teknisk (ansvar 4000 – 4099 samt 7099)	Ronny Prozenko, k-sjef

I budsjettet går det fram kva ansvar som ligg innanfor dei enkelte ansvarsområda. Delegasjon gjeld berre dei ansvara som har eige budsjett. Tilvisingsretten gjeld berre så langt det er dekning på aktuell konto i budsjettet. I økonomireglementet pkt. 4.2 er det reglar for utøving av tilvisingsretten, og i kap. 6 er reglar for rapportering. Kommunalsjefane har ansvar for å ha tilstrekkeleg innsikt i økonomireglementet med tilhøyrande rutinar.

Leiarar med budsjettansvar skal kvar månad rapportere på kontoar som har ein differanse på meir enn kr 100.000 i høve periodisert budsjett.

Kommunalsjef Ronny Prozenko har tilvisingsrett for alle investeringar som blir gjennomført av teknisk sektor. Ass.kommunedirektør Eli Tefre Nordal får tilvisingsrett for alle investeringar som blir gjennomført av STAB. For alle andre investeringar har kommunedirektøren tilvisingsmynde – i fall det ikkje er gjeve til andre.

Fastløn konto 10100 – 10990 er med under delegasjonen over, men for all delegasjon på fastlønskonti er tilvisingsretten i tillegg gjeve til HR-leiar Aasta Hamre.

Tilvisingsretten kan i dei fleste høve vidaredelegerast. Dette må skje i samråd med kommunedirektøren. Melding om vidaredelegasjon av tilvisingsretten skal stilast til kommunedirektøren med kopi til revisjonen, økonomiavdelinga og HR-leiar. Det skal her presiserast kva ansvar den enkelte får vidaredelegert tilvisingsrett for. Når dei som er nemnde over er ugilde, vil deira underordna også vere ugilde. I slike tilfelle tilviser kommunedirektøren. Når kommunedirektøren er ugild, tilviser ordføraren. Til orientering så blir ansvar 1000 og 1005 tilvist av ordføraren og ansvar 1020 blir tilvist av kommunedirektøren.

Kommunedirektøren har inndrege mynde til å bestille mobiltelefonar – samt mynde til å inngå avtarar om tenestemobil og/eller internett – dette gjeld frå 21. mars 2023. Dersom det er behov for mobiltelefon og/eller avtale om tenestemobil eller internett, så skal dette meldast i lina. Kommunalsjefen/ass.kommunedirektør skal gi ei grunngjeving for behovet i ei skriftleg oversending til kommunedirektøren. Det er kommunedirektøren som tek avgjersla.

II. Personalansvar – delegasjonar

Kommunedirektøren fastsett organisering av kommunen på sektor- og avdelingsnivå, og tilset eventuelt sjølv ass.kommunedirektør, stabsleiar og kommunalsjefar. Kommunen er i dag organisert med fire område – som visast som «Rammeområde» i tabellen nedanfor – der ass.kommunedirektør og kommunalsjefane med dette skriv får delegert tilsettingsmynde for ledige stillingsheimlar for sine ansvarsnivå:

Rammeområde – personal	Tilsettingsmynde
Sentraladministrasjonen (ansvar 1025 – 1099)	Eli Tefre Nordal, ass.k-direktør
Kultur- og oppvekst (ansvar 2000 – 2099)	Frode Vik, k.sjef
Helse- og omsorg (ansvar 3000 – 3099)	Karoline Lundås, k.sjef
Teknisk (ansvar 4000 – 4099)	Ronny Prozenko, k.sjef

Ass.kommunedirektør og kommunalsjefane skal sjølve tilsette mellomleiarar i ansvara som har slik funksjon, og skal deretter vidaredelegere tilsettingsmynde til mellomleiarane i ansvara. Det er berre unntaksvis at tilsettingsmynde i ansvara ikkje skal vidaredelegerast til mellomleiarane – og dette er ei avgjersle som eventuelt skal takast av kommunedirektøren.

Ass.kommunedirektør og kommunalsjefane har gjennom delegasjon av tilsettingsmynde òg ansvar for at kommunen sitt tilsettingsreglementet blir fylgd – samt ansvaret for å utarbeide tekst til stillingsutlysinga og sikre utlysing av stillinga på kommunen sitt system (Webcruiter). Ass.kommunedirektør og kommunalsjefane skal òg sikre at nye tilsette blir gjort kjend med kommunen sitt arbeidsreglementet, fleksitidreglement, permisjonsreglement, habilitetsreglement, kompetanseplan, etikkreglementet, IKT-strategien og kommunikasjonsstrategien – ansvaret gjeld både ovanfor mellomleiararnivået og andre tilsette i ansvara – det siste kan sikrast ved vidaredelegering. HR-avdelinga har utarbeida ein god oversikt, under [«Tilsetthjelpa»](#) på kommunens intranettside.

Kommunedirektøren har ikkje vidaredelegert mynde til å opprette, justere eller leggje ned avdelingar og/eller opprette nye prosjekt i sektorane og/eller opprette nye stillingar – verken faste eller engasjement. Kommunalsjefane har likevel ansvaret for å sikre tilstrekkeleg utgreiing, dersom slike organisatoriske endringar blir bestemt av kommunedirektøren – etter drøfting i kommunedirektørens leiargruppe – og utgreiinga skal gjerast etter fastsett mal. Avgjersle om vidareutdanning og tenestereiser til utlandet er heller ikkje vidaredelegert, og dette er spørsmål som skal avgjerast av kommunedirektøren – etter skriftleg tilråding frå kommunalsjefane.

Kommunedirektøren viser til [Hovudtariffavtalen 4.2](#), der det er regulert at lønnsregulering berre kan gjerast i tilknytt til lokale forhandlingar etter pkt. 4.2.1, eller når vilkåra for lønnsendring på særleg grunnlag pkt. 4.2.2 er til stade. Lokale forhandlingar er noko vi skal gjennomføre i perioden 1. mai - 1. oktober kvar år. Vanylven kommune har ofte hatt lokale lønsforhandlingar i månadsskifte september/oktober. I tillegg har vi fortløpande hatt forhandlingar på særleg grunnlag, når tillitsvalde har bedt om det. Tidlegare har kommunedirektøren vore orientert om slike forhandlingar for å sikre likebehandling mellom sektorane. Kommunedirektøren har erfart at det er blitt gjennomført forhandlingar på særleg grunnlag i alle sektorane, utan at kommunedirektøren har vore orientert. Dette er bakgrunnen for presiseringa om at mynde til særleg forhandlingar etter Hovudtariffavtalen pkt. 4.2.2 ikkje er delegert, men kommunalsjefane vil likevel få ansvaret for å utgreie sakene i forkant av forhandlingane. Vidare vil kommunedirektøren presisere at heller ikkje andre forhandlingar om løn- og arbeidsvilkår er delegert.

Kommunedirektøren skal orienterast fortløpande om pågåande varslingssaker og handtering av desse – dette med unnatak av varslingssaker mot kommunedirektøren, som skal handterast av den [eksterne varslingsseininga i Judicia DA](#).

Vanylven kommune sitt organisasjonskart er digitalt og oversikt over sektorar, tenestemråde og avdelingar – sjå kommunen sitt [organisasjonskart](#).

III. Fagansvar - delegasjonar

Dei ulike kommunalsjefane har delegert mynde innanfor følgjande rammeområde og på fagområde som naturleg høyrer inn under sektornamna – det er teke med presiseringar under kvart rammeområde der kommunedirektøren har vurdert dette som naudsynt:

Rammeområde – fag	Fagmynde
Sentraladministrasjonen – med ansvar for stabsfunksjonar som økonomi, personal, service/kommunikasjon og politisk sekretariat – samt internkontrollarbeidet	Eli Tefre Nordal, ass.k-direktør
Kultur- og oppvekst – herunder fagansvar for ansvara som ligg under familie og læringssenteret – som MOT, ungdomsarbeid, PPT (ressurspedagogar) og barnevern	Frode Vik, k.sjef
Helse- og omsorg – herunder NAV, legekontoret, helsestasjonen og «Tynnaknuten»	Karoline Lund, k.sjef
Teknisk – herunder hamnevesen og eigedomsforvaltninga.	Ronny Prozenko, k.sjef

Kommunestyret har 9. mai 2023 i k-sak 48/23 vedteke tenesteskildring for alle tenestene i kommunen. Dette gir ei skildringa av tenestene som kommunen gir til sine innbyggjarar og lenke til tenesteskildring er gitt her [tenesteskildring](#) og denne vil bli revidert våren 2025.

Kommunedirektøren vil vise til at kommunen i tillegg til ordinær drift til ein kvar tid også har tidsavgrensa prosjekt – både det som gjeld investeringsprosjekt og det som gjeld driftsprosjekt. Det er vanskeleg å ha ein god oversikt over desse prosjekta, som på ein formålstenleg måte kan oppdaterast og nyttast til rapportering og informasjon – og som kallas porteføljeoversikt. I denne samanheng visar kommunedirektøren til at kommunen har etablert eit digitalt porteføljesystem, og som har følgjande lenke: [porteføljestyring](#). I tillegg så har kommunen nå ei open digital visualisering av [porteføljeoversikten i Power BI](#), som alle har tilgang til – både i og utanfor organisasjonen.

Sjølv om kommunen har ein god oversikt over både drifts- og prosjektoppgåvene, så er det også viktig med tilstrekkeleg kompetanse, utover den fagutdanninga som dei tilsette innehar. Kommunedirektøren viser til at innan kommunal forvaltning så er det ei rekke lover/forskrifter som vi som organisasjon, mynde og saksbehandlarar må å ha kunnskap om og førehalde oss til – slik som mellom anna:

- kommunelova
- forvaltningslova
- offentleglova
- arbeidsmiljølova
- lov om offentlege innkjøp

Kommunedirektøren vil våren 2025 gjennomføre ei digital kompetansekartlegging av medlemmene i KLT, knytt til desse fem lovområda – dette for å vurdere behovet for å starte kompetansehevinga på dette nivået, før vi går vidare til mellomleiarnivået. Dette er ei kartlegging som var planlagt hausten 2024.

I tillegg må den einskilde leiaren førehalde seg til gjeldande lovverk som gjeld for tenesteproduksjon i eiga verksemd – ei meir detaljert oversikt over delegerte lovheimlar som er gitt til kommunalsjefane og einskilte mellomleiarar kjem fram av delegeringa som er gitt av kommunedirektøren 11. august 2021, og som er gitt her:

<https://delegering.kf.no/delegering/publikum/1511>

Kommunedirektøren vil i 2025 sikre ass.kommunedirektør, kommunalsjefane og mellomleiarane kompetanse innanfor sentrale områda for kommunalforvaltning og vil kome tilbake til kompetansehevande tiltak etter den digitale kartlegging av kompetansebehovet til medlemmane i KLT-gruppa våren 2025.

Kommunedirektøren vil vidare våren 2025 starte arbeide med kompetansekartlegging av alle tilsette i kommunen – dette for å ha tilstrekkeleg kunnskap for å kunne få ei rullering av den overordna kompetanseplan.

Prinsipielle saker innanfor fagområdet, eller saker innanfor fagområdet som kommunalsjefane er usikker på om er prinsipielle, skal leggjast fram for kommunedirektøren for drøfting – dette òg dersom kommunalsjefane er usikre på kva sektor som har ansvaret for eitt bestemt fagspørsmål.

Kommunalsjefane har ikkje mynde til å inngå forplikande samarbeid med andre – heller ikkje forplikte kommunen på andre måtar – utan at dette ligg som eit oppdrag frå kommunedirektøren – dette gjeld også dialog om moglege forplikande samarbeid. Kommunalt tilsette som blir invitert til å delta i arrangement, møte eller liknande med andre kommunar og/eller eksterne aktørar, skal ha godkjenning til dette av nærmaste overordna, og tilsette kan som representant for kommunen i slike arrangement uansett ikkje vere illojal mot kommunen sine vedtak og planar.

Delegasjon etter dette reglementet gjeld heller ikkje for avgjersle om servering av alkohol i kommunale bygg og anlegg og/eller avgjersle om servering av alkohol for kommunen si rekning vidaredelegert frå kommunedirektøren.

Kommunedirektøren viser til at dersom kommunen motteke klager på enkeltvedtak, så skal kommunen alltid vurdere sitt eige vedtak. Dersom vedtaket ikkje blir omgjort heilt eller delvis, så skal det utarbeidast eit oversendingsbrev til klageinstansen, som klagar skal få kommentere før oversending til klageinstansen. Dette oversendingsbrevet skal kommunedirektøren godkjenne både før utsending til klagar og før oversending til klageinstansen

Vidaredelegering skal stilast til kommunedirektøren, med kopi til revisjonen, kontrollutvalet, personalrådgjevar, økonomiavdelinga samt den som har fått delegert mynde. Vidaredelegeringa skal lagrast i kommunen sitt sak- og arkivsystem Acos under sak 21/191.

IV. Internkontroll

Kommunedirektøren viser til den nye kommunelova, der det overordna ansvaret for internkontroll var lagt til kommunedirektøren, og det er utarbeidd [eigne rutinar på dette område](#), som vart vedteke i kommunestyret 5. september 2023 i k-sak 97/23.

I denne samanheng viser kommunedirektøren til at dei grunnleggjande føresetnadane for å kunne ha tryggjande internkontroll, er at kommunen må ha:

- Oversikt over tenestene som kommunen yter
- Oversikt over økonomi som er tildelt for å yte desse tenestene
- Oversikt over organisasjonen som skal yte desse tenestene
- Oversikt over overordna reglement for utøving av tenestene

Kommunedirektøren viser til at Vanylven kommunen i august 2023 er blitt evaluert etter nordisk mønsterplan for drift av kommunar. Hovudoppsummeringa er at kommunen har god overordna struktur og planar for drift. Det som blir viktig no er å sikre at mellomleiarane og tilsette får innsikt, kunnskap og forståing av dette arbeidet og kommunestyret vedtok [9. september 2024 ein utviklingsstrategi](#) for Vanylven kommune for dei kommande åra.

Vidare må kommunedirektøren sikre forståinga og kunnskapen knytt til risikobasert internkontroll – der det i etterkant skal utarbeidast reglement, rutinar og/eller prosedyrar som skal redusere risiko for avvik, som er avdekkja ved ROS-analysen. Avvikssystemet skal deretter nyttast til å registrere brot på reglement, rutinar og prosedyrar, samt avdekke ukjende risikoar og sikre vurderingsgrunnlaget ved neste ROS-analyse – dette i høve til om restrisikoen er for høg.

Kommunen har hausten 2023 fått gjennomført ei risikovurdering på alle avdelingane knytt til HMS, og dette basert på mal og med støtte frå bedriftshelsetenesta. Kommunedirektøren vil fortsette dette arbeidet og utarbeide nye malar, som kan danne grunnlaget for andre risikovurderingar i sektorane.

Kommunedirektøren vil vidare vise til at vi skal nytte oss av innkjøpsavtalane [inngått av SSIS](#) samt nytte rammeavtar som kommunen sjølv har inngått våren 2024:

- Juridisk bistand og opplæring er tildelt Judicia DA 26. mars 2024
- Rekrutteringsfagleg bistand og opplæring er tildelt Headvisor AS 8. mai 2024
- Innkjøpsfagleg bistand og opplæring er tildelt Innkjøpskontoret AS 5. juni 2024
- Kommunikasjonsfagleg bistand og opplæring er tildelt Mannheimer AS 6. juni 2024

Kommunedirektøren vil understreke at disse rammeavtalane skal nyttast på desse fagområda, og at det ikkje er mogleg å nytte andre konsultentselskap for desse områda i dei neste to åra.

Kommunedirektøren har 5. august 2024 gitt i eigenkontrollskjema til revisor, og ass.kommunedirektør og kommunalsjefane må følgje opp dette også i 2025– og det gjeld spesielt:

- Etikkreglement – gjennomgang i sektormøta og mellomleiersamling
- Habilitetsreglement – gjennomgang på sektormøta og mellomleiersamling
- Innkjøpsreglement – gjennomgang på sektormøta og mellomleiersamling

Når det gjeld habilitet så forventar kommunedirektøren at det er fokus på dette knytt til tilsettingar og andre avgjersler knytt til personalsaker – og dette må følgjast opp av HR.

V. Forventningar til kommunalsjefane og ass.kommunedirektør i perioden → juni 2025

Kommunedirektøren vil gjennom delegasjonsskrivet gi oppdrag til kommunalsjefane og ass.kommunedirektør på områda økonomi, personal og fag – og dette var gitt i delegasjonsskriv av 31. oktober 2023 og blir no justert:

1. Økonomi – periodisering av budsjett 2025

Kommunalsjefane og ass.kommunedirektør skal innan 15. mars 2025 sikre periodisering av sine avdelingsbudsjett.

2. Personal – medarbeidersamtale og vernerundar

Kommunalsjefane og ass.kommunedirektør skal innan 1. juni 2025 sikre at alle tilsette har fått medarbeidersamtale og innan 1. mai 2025 sikre at alle verneområda har hatt vernerunde.

3. Fag – risikovurdering av arbeidsmiljøet og tenestene

Ass.kommunedirektør og kommunalsjefane skal innan 1. april 2025 leggje fram oversikt over risikovurdering av arbeidsmiljøet og alle tenestene.

Oppdraga som her er gitt i delegasjonsskrivet blir også følgt opp av kommunedirektøren i kommunalsjefsmøta.

VI. Generelt og presiseringar

Kommunedirektøren vil, når det er behov for endringar på økonomi-, personal- eller fagområdet, oppdaterte dette delegeringsskrivet.

1. Prinsipielle saker

Kommunedirektøren vil understreke at kommunedirektøren ikkje er delegert mynde i prinsipielle saker, og det betyr at dette heller ikkje er vidaredelegert til kommunalsjefane, ass.kommunedirektør eller andre.

Dersom nokon er usikker på om ei sak er prinsipiell, så skal saka drøftast med nærmaste overordna.

2. Politiske saker

Kommunedirektøren vil vise til at alle politiske saker skal godkjennast av kommunedirektøren. Det betyr også at kommunedirektøren både skal stå inne for tilrådinga og det som kjem fram i saksframstillinga. Kommunedirektøren kan såleis stoppe, endre og justere saker som blir lagt fram, og kommunedirektøren skal ha saken oversendt minst tre verkedagar før utsending av sakene til politisk utval.

Kommunedirektøren vil understreke følgjande knytt til saksframstilling til politiske utval:

- kommunalsjefane skal sikre at alle politiske saker i sektoren blir meldt opp i utvala
- kommunalsjefane skal sikre at vedlegg til sakene blir teke med i oppmeldinga
- kommunalsjefane står til ansvar for å kvalitetssikre innhaldet og tilråding i sakene

3. Melde saker til politiet

Når det gjeld å melde saker til politiet, så er dette mynde som hovudregel delegert til ordføraren, og det blir her sitert frå delegasjonen gitt av [kommunestyret 20. september 2020](#):

«Ordføraren har fullmakt til å melde saker til politiet.»

Dette mynde er ikkje vidaredelegert, og dette må kommunalsjefane vidareformidle til sine mellomleiarar i sektorane sine delegasjonsskriv. Spørsmål knytt til å melde ei sak til politiet skal også følgje organisasjonslinja, slik at det er kommunedirektøren som har kontakta med ordføraren i slike saker.

Vidaredelegering skal stilast til kommunedirektøren, med kopi til revisjonen, kontrollutvalet, personalrådgjevar, økonomiavdelinga samt den som har fått delegert mynde.

Med helsing

Andreas Christian Nørve
Kommunedirektør

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Kopi til			
Søre Sunnmøre	Bjørndalvegen 10	6065	Ulsteinvik
Kommunerevisjon Iks			
Vest Kontroll Kommunalt	Postboks 97	6139	Fiskå
Oppgåvefelleskap			